

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[786] N-77605 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147f, 156; 1988b: 22; 1988c: 48f, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 21 – Seim 1991b: 23f).

Innskriфта står på eit typisk eigarmerke av tre. Det er krossforma og 157 mm langt, 9-18 mm breitt og 3-5 mm tjukt. Merket vart funne i 1981, felt FG, i hovudfase 7, som kan tidfestast til perioden frå om lag 1175 til 1225. Det er runer på den eine av breisidene, innskriфта er tydeleg og byr ikkje på problem med lese måten. Innskriфта tek til på "stommen" etter krossen på merket og er 39 mm lang, runene er 14-16 mm høge. R. 2 har open boge og ein karakteristisk sving på kvisten inn mot nedre ende av staven, slik at **r** her har ei form som nærmar seg r. 1, **b**. Slik innskriфта er bevart, har bogen ikkje full kontakt med toppen av staven. Også r. 6, **r**, har open boge, men likevel ikkje denne markerte innsvingen på nedre del av kvisten som r. 2 har.

B R 1 1 1 R 1

b r a n t r a

Brandr á. 'Brand eig'.

Den særmerkte **b**-liknande forma av **r** finst elles berre i N802 i dette materialet. Det er i følge Karin Fjellhammer Seim ikkje registret i det tilsvarande tilfanget frå Bryggen i Bergen (jf. Seim 1982: 97). Det må likevel kunna seiast at innskriфт N719 (**ormrik**) tilnærma har denne **r**-forma. Ingrid Sanness Johnsen karakteriserer r. 2 og 4 i den innskriфта som "brede og åpne". Men dei har same særmerkte innsvingen nede på kvisten som her (jf. også Liestøl 1963, fig. 2).

Brandr høyrer til dei namna som særmerkjer seg som islandske i det tilgjengelege kjeldematerialet frå perioden dette merket synest å stamma frå (Lind 1905-15: 164). Namnet dukkar opp i norsk kjeldesamanheng først mot slutten av 1200-talet, og jamvel då synest det å vera langt mindre nytta i Noreg enn på Island. Namnet finst også på ein merkelapp frå Bryggen i Bergen (N671), rett nok litt defekt, men arkeologisk datert til om lag same periode som her og med same skrivemåte (**t** for /d/).